

St.prp. nr. 15

(2005–2006)

Om endringar på statsbudsjettet for 2005 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått enkelte endringar i løyvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2005.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar under kap. 101/3101 Utanriksstasjonane og kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar. Det blir også gjort framlegg om ei omdisponeringsfullmakt for driftsutgiftene under kap. 100 og kap. 101.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 264,675 mill. kroner. I tillegg blir det gjort framlegg om endringar under kap. 197 Utviklingshjelp til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak.

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 101 Utanrikstenesta

Post 01 Driftsutgifter (jf. kap. 3101)

På bakgrunn av ein auke i meirinntektene under kap. 3101 Utanriksstasjonane, post 01 Gebyr, blir det gjort framlegg om ein auke på 10,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Ein gjennomgang av øyremerka midlar til oppfølgingsarbeid etter flodbølgekatastrofa i Sør-Asia viser eit mindreforbruk på 4 mill. kroner.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 4 mill. kroner.

Kap. 3101 Utanrikstenesten

Post 01 Gebyr

Det blir gjort framlegg om ein auke på 12,78 mill. kroner grunna kravet om realistisk budsjettering.

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Ein samla gjennomgang av pliktige tilskot til internasjonale organisasjonar, viser eit mindreforbruk på om lag 25 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast mellom anna lågare pliktige bidrag til EFTA, EFTA-organa og til Organisasjon for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) enn det som var rekna med tidlegare.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 25 mill. kroner.

Post 72 Finansieringsordninga i det utvida EØS, kan overførast

Det har tatt lengre tid å få inn søknader om prosjektstøtte under dei to finansieringsordningane i det utvida EØS enn det Utanriksdepartementet har gått ut i frå. Utbetaling i 2005 vil derfor bli lågare enn det som var rekna med tidlegare.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 54 mill. kroner

Post 73 Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 45 mill. kroner, jf. omtale under kap. 116, post 72.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

ODA-godkjend utviklingshjelp

Kap. 143 Utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det har teke lengre tid enn venta å auke bemaninga på utanriksstasjonane.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 25 mill. kroner.

Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling

Post 01 Driftsutgifter

Informasjonssenteret om norsk utviklingssamarbeid på Vestbanen har teke lengre tid å etablere enn opprinneleg planlagt.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til frivillege organisasjonar si opplysningsverksemd, kan overførast

FN-sambandet informerer om medlemslanda i FN og status for måloppnåing av tusenårsmåla. Det er behov for å styrke arbeidet til FN-sambandet, mellom anna for svaksynte.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 1,5 mill. kroner.

Kap. 161 Næringsutvikling

Post 72 Finansieringsordning for utviklingstiltak, kan overførast

Enkelte tiltak har teke lengre tid å setje i verk enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 10 mill. kroner

Post 73 Institusjonsutvikling i utviklingsland, kan overførast

Enkelte tiltak har teke lengre tid å setje i verk enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 10 mill. kroner

Kap. 162 Overgangsbistand (gap)

Post 70 Overgangsbistand (gap), kan overførast

Etter den israelske tilbaketrekkinga fra Gaza, er det behov for å auke bistanden til det palestinske folket. Behovet blir forsterka av at det er val til parlamentet tidleg i 2006. Noreg leiar gjevvarlandsforumet (AHLC) og gjevvarmøtet i desember 2005.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 70 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

Post 70 Naturkatastrofer, kan overførast

Det er behov for å auke støtten til akutte naudhjelpstiltak og førebyggjande humanitære tiltak, hovudsakleg gjennom FN, og til fleire gløymde katastrofer i mellom anna Afrika.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 39,475 mill. kroner. 20 mill. kroner av denne auken blir satt av til arbeidet etter jordskjelvet i Sør-Asia. Sjå og St. prp. nr. 9 (2005-2006) *Om bistand i forbindelse med jordskjelvet i Sør-Asia*.

Post 71 Humanitær hjelp og menneskerettar, kan overførast

Det er store udekte humanitære behov hjå dei som er ramma av jordskjelv i Pakistan, blant mineofre og i såkalla gløymde kriser, ikkje minst i Afrika. Det er behov for førebyggjande humanitære tiltak mot fugleinfluensa i fattige land. Det er og ønskjeleg å støtte arbeidet ved straffedomstolen i Sierra Leone.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 60,7 mill. kroner. 20 mill. kroner av denne auken blir satt av til arbeidet etter jordskjelvet i Sør-Asia. Sjå og St. prp. nr. 9 (2005-2006) *Om bistand i forbindelse med jordskjelvet i Sør-Asia*.

Kap. 164 Fred, forsoning og demokrati

Post 70 Fred, forsoning og demokratiltak, kan overførast

Det er behov for auka støtte til freds- og forsoningsprosessar, mellom anna til å støtte eit demokratisk val på Haiti og demobilisering i Colombia.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 19 mill. kroner.

Post 72 Utvikling og nedrustning, kan overførast

Det er ønskeleg å kanalisere ytterlegare midlar til arbeidet for nedrusting og for å hindre spreiding av handvåpen.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 3 mill. kroner.

Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering

Post 70 Forsking og høgare utdanning, kan overførast

Færre tiltak enn venta har ført til lågare aktivitet.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 6 mill. kroner.

Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak

Post 70 Ymse tilskot, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 40,5 mill. kroner.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nokre utgifter knytta til flyktningar sine opphald i Noreg det første året er godkjend som offisiell utviklingshjelp og kan bli dekkja under kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, post 21 Spesielle driftsutgifter. Dette gjeld mellom anna opphaldsutgifter for flyktningar som bur i mottak mindre enn eitt

år, utgifter til opplæring av barn i mottak og andre opplæringsformål.

Overslaget for utgifter til flyktningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp må justerast ned med 153,975 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna at talet på flyktningar som bur på mottak mindre enn eitt år er lågare enn det som blei lagt til grunn i samband med RNB 2005.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 153,975 mill. kroner.

Kap. 170 FN-organisasjonar mv.

Post 76 Tilleggsmidlar via FN-systemet mv., kan overførast

Det er ønskeleg å kanalisere ytterlegare midlar til miljø og bærekraftig utvikling gjennom FN-systemet. Delar av denne satsinga bidreg og til å nå målsetjinga som blei annonsert under FN-toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg i 2002 om å bidra med 375 mill. kroner i tilleggsmidlar i perioden 2003-2005 til dei såkalla WEHAB-områda (vatn, energi, helse, landbruk og biologisk mangfald).

Det blir gjort framlegg om ein auke på 71 mill. kroner.

Post 78 Bidrag andre FN-organisasjonar mv.

Utgifter til refusjonar i samband med andre departement si deltaking i diverse FN-organisasjonar er lågare enn venta.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,6 mill. kroner.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

Hovudsakleg som ei følgje av valutakursendringar blir behovet noko mindre.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2 mill. kroner.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Det er løyvd 695,9 mill. kroner til ei rad organisasjonar på posten. Hovudsakleg som ei følgje av valutakursendringar blir behovet noko mindre.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 12,6 mill. kroner.

Kap. 197 Bistand til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak*Post 76 Tilskot til internasjonale klima- og miljøtiltak*

Tilskot til Verdsbanken sitt karbonfond blir dekkja under kap. 197, post 76.

Endeleg innbetaling blei 4,5 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 3 mill. kroner.

riksstasjonane nærare saman i det daglege arbeidet. Det er derfor også ønskjeleg med større fleksibilitet med omsyn til om driftsmidla skal nyttast ved utanriksstasjonane eller i departementet.

Flodbølgekatastrofa i Asia og arbeidet med krise og beredskap i utanrikstenesta viser at det er trong for slik fleksibilitet allereie i 2005. Det blir gjort framlegg om å opprette ei omdisponeringsfullmakt knytta til kap. 100 og 101, post 01, jf. framlegg til romertalsvedtak.

Utanriksdepartementet

**Omdisponeringsfullmakt for kap. 100
Utanriksdepartementet og kap. 101
Utanriksstasjonane, post 01 Driftsutgifter**

I St.prp. nr. 1 (2005-2006) er det gjort framlegg om å slå saman driftspostane under kap. 100 og kap. 101. Moderne kommunikasjonsteknologi har gjort det mogeleg å knyte departementet og utan-

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2005 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Norges Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2005 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2005 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
101		Utanriksstasjonane (jf. kap. 3101)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 841 556 000 til kr 851 656 000	10 100 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 26 700 000 til kr 22 700 000	4 000 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
		Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 892 566 000 til kr 867 566 000	25 000 000
	72	Finansieringsordninga i det utvida EØS, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 90 000 000 til kr 36 000 000	54 000 000
		Norsk finansieringsordning i det utvida EØS, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 90 000 000 til kr 45 000 000	45 000 000
143		Utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 432 059 000 til kr 407 059 000	25 000 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	01	Driftsutgifter blir redusert med..... frå kr 26 500 000 til kr 24 500 000	2 000 000
	71	Tilskot til frivillege organisasjonar si opplysningsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 68 000 000 til kr 69 500 000	1 500 000
161		Næringsutvikling (jf. kap. 3161)	
	72	Finansieringsordning for utviklingstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 150 000 000 til kr 140 000 000	10 000 000
	73	Institusjonsutvikling til utviklingsland, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 45 000 000 til kr 35 000 000	10 000 000
162		Overgangsbistand (gap)	
	70	Overgangsbistand (gap), <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 166 500 000 til kr 1 236 500 000	70 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofer, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 180 000 til kr 1 219 475	39 475 000
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 1 462 052 000 til kr 1 522 752 000	60 700 000
164		Fred, forsoning og demokrati	
	70	Fred, forsoning og demokratiltak, <i>kan overførast</i> , blir auka med .. frå kr 374 200 000 til kr 393 200 000	19 000 000
	72	Utvikling og nedrustning, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 3 100 000 til kr 6 100 000	3 000 000
165		Forsking, kompetanseheving og evaulering	
	70	Forsking, og høgare utdanning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.. frå kr 268 000 000 til kr 262 000 000	6 000 000
166		Tilskot til ymse hjelpetiltak	
	70	Ymse tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 40 700 000 til kr 200 000	40 500 000
167		Flyktningiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter blir redusert med frå kr 577 991 000 til kr 424 016 000	153 975 000
170		FN-organisasjonar mv.	
	76	Tilleggsmidlar via FN-systemet, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 1 066 200 000 til kr 1 137 200 000	71 000 000
	78	Bidrag andre FN-organisasjonar mv, blir redusert med..... frå kr 130 220 000 til kr 127 620 000	2 600 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	70	Verdsbanken, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 730 000 000 til kr 728 000 000	2 000 000
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 642 200 000 til kr 629 600 000	12 600 000
197		Bistand til ikkje-ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak	
		Tilskudd til internasjonale klima- og miljøtiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 31 038 000 til kr 28 038 000	3 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3101		Utanriksstasjonane, (jf. kap. 101)	
	01	Gebyr, blir auka med.....	12 780 000
		Frå kr 22 220 000 til kr 35 000 000	

II

Omdisponeringsfullmakt

Stortinget gjev samtykke til at Utanriksdepartementet i 2005 kan omdisponere mellom løyvingane under kap. 100 Utanriksdepartementet, post 01 Driftsutgifter og kap. 101 Utanriksstasjonane, post 01 Driftsutgifter.

